

FLORØ 1 november 2005

Flora kommune
Askvoll kommune
Hyllestad kommune
Solund kommune
Gulen kommune
Bremanger kommune
Vågsøy kommune
Selje kommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE SENTRALADM. KULTURAVDELINGA		
ARKIVNR 05/4037	DOK NR φ	L NR 196/9/05
- 2 NOV 2005		
K KODAR: C56		
SAKSH 1ER	AVD:	GRAD:
OL	FL	SL

AVTALE MED KOMMUNANE OM DRIFTSTILSKOT TIL KYSTMUSEET


Vi har no kome til siste året av den fireårige avtaleperioden når det gjeld driftstilskot frå kommunane, og avtala skal no reforhandlast.


Vi ber kommunane om å vedta ei ny avtale som gir eit kronebeløp tilsvarende 2005-tilskotet. Vi legg ved utkast til ei slik avtale. Det nye ved avtala i høve til den førre, er at vi har tatt med eit avsnitt om bygningsmessige utfordringar ved museet. Vidare ynskjer vi å gå inn i ei varig ordning. Dersom nokon av partane ynskjer det, kan nivået på driftsløyvingane likevel vurderast kvart 4. år, første gong i 2009.

Vi har drøfta føreliggande avtaleutkast med Sogn og Fjordane fylkeskommune, kulturavdelinga, som tilrår det.

Vi vonar at denne forhandlinga kan skje ved brev og telefon. Om noen av kommunane ynskjer å ha eit møte med oss, så kjem vi.

Med vennleg helsing


Edvin Helgheim
Styreleiar


Bjørn Fjellheim
Direktør

Vedlegg: Utkast til avtale med kommunane om driftstilskot
Oppsummering etter første perioden med kommunale tilskot til Kystmuseet.

A V T A L E

Mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og kommunane Flora, Bremanger, Vågsøy, Selje, Askvoll, Hyllestad, Solund og Gulen om tilskot til drift av Kystmuseet i Sogn og Fjordane

I. DRIFTSTILSKOT FRÅ KOMMUNANE TIL KYSTMUSEET I SOGN OG FJORDANE

1. Partane er samde om at kommunane Selje, Vågsøy, Bremanger, Flora, Askvoll, Hyllestad, Solund og Gulen skal delta i driftsfinansieringa av Kystmuseet i Sogn og Fjordane gjennom faste årlege løyvingar. Det kommunale driftstilskotet skal ligge på nivå med 2005. Det er ein føresetnad at det fylkeskommunale tilskotet ikkje vert redusert som fylgje av ordninga. Tilskotet skal disponerast av styret for museet utan bindingar.
2. Kommunetilskotet skal årleg justerast i høve til konsumprisindeks
3. For Vågsøy og Selje sin del vert det kommunale tilskotet delt likt mellom Nordfjord Folkemuseum og Kystmuseet i Sogn og Fjordane. For Bremanger sin del vert tilskotet delt mellom Nordfjord Folkemuseum. og Kystmuseet i Sogn og Fjordane ut frå ei grovfordeling av folketalet mellom Davik krins og resten av kommunen. Avtala vidarefører særavtale med HAFS-kommunane Askvoll, Hyllestad, Solund og Gulen om at samla tilskot utgjer 100 000 kr. Tilskota frå HAFS-kommunane utgjer om lag 12 kr. pr. innbyggjar, medan tilskota frå dei andre kommunane utgjer om lag 19 kr. pr. innbyggjar.
4. Kommunetilskotet for 2005 er:

Flora kommune, vertskommune	389.446 kr.
Askvoll kommune	40.088 kr.
Gulen kommune	29.769 kr.
Hyllestad kommune	18.709 kr.
Solund kommune	11.455 kr.
Bremanger kommune	60.566 kr.
Vågsøy kommune	68.500 kr.
Selje kommune	32.318 kr.
5. Museet kan krevje a' kontoutbetaling pr. april kvart år

II. STYRET FOR MUSEET.

Styret for museet har økonomiansvar og er ansvarleg for å tilpasse aktiviteten innafør dei økonomiske rammene som til ei kvar tid gjeld. Museet har eit styre på sju medlemmer med personlege varamedlemmer og er samansett slik:

- 1 styremedlem med personleg varamedlem oppnemnd av fylkeskommunen.
- 1 styremedlem med personleg varamedlem frå vertskommunen valde på årsmøtet.

2 styremedlemmer med personlege varamedlemmer frå dei andre kommunane valde på årsmøtet. Alle innbyggjarane i kommunane er valbare til styret.
2 styremedlemmer med personlege varamedlemmer frå laga og organisasjonane i stiftinga Kystmuseet, Sogn og Fjordane Fiskarlag, Sogn og Fjordane Fiskarkvinnelag, Sogn og Fjordane Ungdomslag, Flora Båtforening og Sunnfjord Høgskulelag, valde på årsmøtet.
1 styremedlem med personleg varamedlem valde av og blant dei tilsette ved Kystmuseet.

III. BYGNINGSMESSIGE UTFORDRINGAR.

Fylkeskommunen vil medvirke til å utarbeide forvaltnings-, drifts- og vedlikehaldsplan for museet.

Fylkeskommunen vil bidra til reparasjon av skadar på eldfaste bygg ved Kystmuseet. Dette gjeld utskifting av taktekinga og overlysvindauga og reparasjon av grunnmuren.

Styret for museet prioriterer årleg vedlikehald innan eigne økonomiske rammer.

IV. AVTALETID.


Denne avtalen gjeld frå 01.01.2006. Partane er innforstått med at denne avtalen konstituerer ei varig ordning. Dersom nokon av partane ynskjer det, kan nivået på driftsløyvingane likevel vurderast kvart 4. år, første gong i 2009. Dersom det skjer større økonomiske og/eller strukturelle endringar som påverkar kommunane eller det samla stats- og fylkestilskotet, kan partane be om nye forhandlingar om avtalen.

Stad..... dato.....

Flora kommune Askvoll kommune Gulen kommune Hyllestad kommune

Solund kommune Bremanger kommune Vågsøy kommune Selje kommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune


Kystmuseet i Sogn og Fjordane

KOMMUNALE DRIFTSTILSKOT TIL KYSTMUSEET I SOGN OG FJORDANE

Ein oppsummering etter første perioden med kommunale tilskot til musa.

Når dei kommunale driftstilskota no skal reforhandlast, vil vi for det første peike på kva slags tyding dei har hatt for den totale økonomiske utviklinga for museet. Dineast skal vi kort peike på nokre utviklingstrekk i tilhøvet mellom museet og kommunane.

Utviklinga i museets økonomi dei siste fem åra

Kystmuseet er eit av dei fire konsoliderte kulturhistoriske musea i fylket. Gjennom museumsreforma har staten gitt økonomisk løft til ein del av dei konsoliderte musea i Noreg. Kulturdepartementet har satt som føresetnad for auka løyvingar at dei regionale driftstilskota (fylke + kommunar) utgjer minst 40%. Dette gjeld løyvingar ut over prosenttillegg som kompensasjon for løns- og prisstiging

Driftsmidlar	2001	2002	2003	2004	2005
Stat	2 134 000	2 235 000	2 317 600	2 394 000	2 444 000
Fylkeskommune	696 000	619 000	648 200	691 000	1 000 000
Kommunar	0	160 301	320 602	480 904	641 226
Sum	2 830 000	3 014 301	3 286 402	3 565 904	4 085 226
Regional prosentdel	25	26	29	33	40

Tabellen over viser at vi i år har nådd opp i denne prosentdelen, og at opptrappinga av dei kommunale driftstilskota har hatt ei vesentleg tyding. Om vi berre hadde hatt fylkeskommunale driftsmidlar, hadde den regionale delen vore på 29%

Vi vil og understreke at dei kommunale driftstilskota har vore med på å berge Kystmuseet ut av ei lei økonomisk knipe. Budsjetta i åra før 2004 sprakk på grunn av sviktande inntekter og uførutsette utgifter. Oppsummert var situasjonen slik at museet ved årsskiftet 2003/2004 ville mangle om lag 1.2 millionar kroner for å vere i balanse. Ei eingongsløyving frå fylkeskommunen og ein snuoperasjon ved museet fekk økonomien vår i balanse i 2004.

I 2002 hadde vi fast tilsette i 7,5 årsverk. I september 2005 er talet kome ned i 5,1 årsverk. Denne innsparinga i lønsutgifter har vi fått til utan at det har gått ut over Kystmuseet si publikumsretta verksemd. På fleire måtar har vi kome styrka ut av denne snuoperasjonen med ein fagleg profil som styrker formidlingsverksemda i og med ein nyoppretta museumspedagogstilling.

Eit desentralisert museum

Kystmuseet jobbar etter ein desentralisert modell. Det betyr at vi ikkje bare tar vare på bygningar, samlingar og liknande, ved å flytte dei til museumsanlegget i Florø, men og ved å la dei vere ein del av lokalmiljøet der dei har høyrd heime. Til no har vi store anlegg i Vågsøy og Bremanger og mindre anlegg i Askvoll, Hyllestad og Gulen. Dei fleste av anlegga våre i kommunane blir brukt til formidling lokalt. Vi ønskjer å utvikle bruken av disse anlegga i dialog med kommunane, eventuelt å ta på oss å ta vare på nye bygningar etter nøktern vurdering.

Formidling retta mot barn og ungdom

Kystmuseet har utvikla forskjellige undervisningstilbod tilpassa ulike aldersgrupper. I 2004 sendte vi ut tilbod til alle barne- og ungdomsskulane i regionen. Sjølv om responsen var størst frå skulane i nærleiken, hadde vi vitjing av skuleklassar frå Selje i nord til Solund i sør. I og

med at vi i år har fått tildelt midlar frå Den kulturelle skulesekken til å dekke reiseutgiftene til elevar, ser vi allereie at tilboda våre blir nytta av skular i heile regionen på ein mykje betre måte. Den nye museumspedagogstillinga ved museet vil og innebere at vi står styrka i framtida når det gjeld formidling.

Fjordafërda

Fjordafërda er eit allsidig tilbod som femner heile regionen. Med MS Atløy som framkomstmiddel og arena, blir den tradisjonelle varehandelen mellom ytre og indre strok gjenskaft. Med oss har vi og opent fartøy med utstillingar for vaksne og barn og undervisningstilbod til skulane.

Samarbeid med stiftinga Jensbua.

I 2004 inviterte Sogn og Fjordane fylkeskommune Kystmuseet og stiftinga Jensbua til eit møte for å diskutere mulige framtidige samarbeidsområde for våre to institusjonar. Førebels resultat er at vi i fellesskap har laga eit notat der vi beskriv ulike samarbeidsfelt. Dette har blitt konkretisert ved at Kystmuseet i haust leiger inn Jensbua for å lage restaureringsplan og kostnadsoverslag for Langebua i Hyllestad. Denne søknaden vil danne grunnlag for søknad om midlar til restaurering av Langebua.


Fagleg verksemd og rådgjeving

Museet sit med ein fagleg kompetanse innan kulturhistorie og kulturminnevern med vekt på kysten. Til dømes har vi det faglege ansvaret for fartøyvern for fylket. Vi har så langt råd er kostnadsfritt gitt råd og vore faglege medhjelparar i større og mindre samanhenger, anten folk har vendt seg til oss personlig eller pr. telefon eller vi har vitja dei. Museet har til dømes ytt hjelp til Gulen Fiskarbodemuseum når det gjeld utstillingsverksemda der. Vi har og bygd opp eit fagbibliotek på nær 7 000 bøker som står til rådvelde.

Museet sine tilsette er og involvert i ulike faglege samanhengar på ein meir formell måte. Vi har to styremedlemmer i stiftinga Svanhild, eit styremedlem i partslaget Bakkejekta, eit styremedlem i Vestnorsk bergkunstsenter og eit medlem i styringsgruppa for kystkultursenteret som er under planlegging ved Jensbua.

Innsamling og dokumentasjon

Kystmuseet si samling av gjenstandar og fotografi femner alle kystkommunane i fylket. Pr dato inneheld samlingane våre 10 994 fotografi og 5646 gjenstandar katalogisert elektronisk. Ved bruk av IKT har disse blitt lettare tilgjengeleg og gjennom eit samarbeidsprosjekt mellom musea og fylkesarkivet er gjenstandsdatasane frå i år av blitt tilgjengelege over Internett



Bjørn Ejellheim
direktør